



KLEPP KOMMUNE



Klepp kommune ligg midt på Jæren, 25 km sør for Stavanger. Landskap og natur er prega av jordbrukslandskap, mildt kystklima og lange flotte sandstrender. Jordbruk, industri, privat og offentlig tenesteyting er hovudnæringar i kommunen som har omlag 19 000 innbyggjarar. Me har eit rikt organisasjons- og kulturliv. Kommunen sitt administrasjons- og handelssentrum er Kleppe. Stavanger Lufthavn, Sola ligg få kilometer nord for kommunegrensa og Jærbanen går gjennom den austre delen av kommunen. Sjå også www.klepp.kommune.no

RÅDMANN

Klepp kommune arbeidar for å vidareutvikle kommunen som ein attraktiv og god kommune å vekse opp og bu i. Vår nye rådmann vil stå sentralt i dette arbeidet.

Me søker ein trygg, tydeleg og samlande rådmann, med god økonomiforståing.

Du må kunne syne til gode resultat som leiar i større organisasjon. Vidare vil vi vektlegge erfaring frå omstillings- og utviklingsarbeid, og god innsikt i kommunal forvaltning.

Søklarar må ha relevant høgare utdanning.

Kommunen har i dag ein «sunn» økonomi, men nye investeringsbehov i samband med sentrumsutvikling og skuleutbygging samt aukande arbeidsløyse kan føre til ein meir «pressa» økonomisk situasjon.

Klepp kommune samarbeidar med nabokommunane på fleire områder, men ønskjer ikkje å slå seg samman med nokon av desse. Det er gjennomført folkerøysting. Og 73,2% av dei som røysta sa nei til samanslåing.

Sentrale oppgåver for ny rådmann vil vere:

- Kommunal organisering. Leiing/kommunikasjon/samhandling både internt i administrasjonen, i forhold dei tillitsvalde og politisk nivå.
- Leie/gjennomføre omstilling for å tilpasse kommunen sitt driftsnivå til økonomiske rammer.
- Arbeide aktivt for å tilrettelegge for utvikling og at Klepp skal vere ein «næringsvennlig» kommune.
- Bidra til at det vert etablert gode prosedyrar og kontrollrutiner i organisasjonen.

Ny rådmann må vere ein tydelig og samlande leiar. Han eller ho må klare å byggje tillit og etablere god samhandling mot politisk leiing og i forhold til kommunen sine tilsette.

Det er også avgjerende at rådmannen meistrar kombinasjonen av å evne og vere tilstades og tilgjengeleg for leiing og tilsette – samt ha god kontakt og samhandling med næringsliv og andre eksterne aktører.

Me kan tilby løn etter avtale og ein utfordrande leiarstilling der du saman med dykige medarbeidarar vil få ein sentral rolle i kommunen si vidare utvikling. Om du ønskjer fleire opplysningar om stillinga kan du kontakte ordførar Ane Mari Braut Nese tlf. 41311835 eller ein av våre rådgjevarar Jan Tveit hos Headvisor, tlf. 97539990 / Leif Helge Bærheim hos Quest Exective Search, tlf 90937883.

Søknad med CV innan 16.08 2016 via www.headvisor.no

